



Knut Helland
Balane 12
5729 MODALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/76 - 21/1416

Saksbehandlar:
Kjell Langeland
kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:
06.07.2021

Løyve til oppføring av fritidhus.

Delegasjonssak nr.: 012/2021

Vedtak

Kommunen gjev løyve til etablering av fritidsbygg på gnr 78 bnr.43 i samsvar søknad datert 30.06.21 med teikningar, kart og skildring mottatt 21.04.21, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Søkjjar står som ansvarshavande for tiltaket..

Ingen merknad frå naboar.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Før bruksløyve kan gjevast, må vassforsyning og rensing av avløp vera godkjent jf. pbl § 18-1.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Plassering av bygget skal målast inn og koordinatfestast før bruksløyve vert gjeve.

Søknaden

Oppføring av fritidshus.

Plangrunnlag

Det er tidlegare gjeve dispensasjon frå LNF område.

Veg

Det er tinglese vegrett til tomta.

Vatn- og avlaup

Det vert privat vassforsyning og reinsealeg for avløp.

Det må søkjast om utsleppsløyve.

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Kjell Langeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knut Helland

Balane 12

5729

MODALEN